

Møteinnkalling

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtested: Thon Hotel Opera, Oslo
Dato: 11.12.2014
Tidspunkt: 09:00

Viser til førebels innkalling ved e-post 4, november,

Arild Ingar Læg Reid, Vidar Eltun, Jørand Ødegård Lunde og Frida Melvær har meldt forfall. Vararepresentantar er innkalla, og 3 av desse kan møte. Ingen kan møte for Oppland fylkeskommune.

Det er bestilt rom på Thon Hotel Opera, og der blir det felles middag kl 20 den 10/12. Sjekk ut av romma før møtestart kl 09:00 den 11.

Møtet startar **kl 09:00 torsdag 11. desember**

Program

- 1. Pilot besøksforvaltning. Presentasjon av moglegheitsstudien v/ Asplan Viak**
Høve til spørsmål og meiningsutveksling. Miljødirektoratet er representert på møtet. Styret avgjer om dei vil gjera endeleg val av innfallsport i dette møtet – jf sak 46/2014, eller om det må kallast inn til telefonmøte om eit par veker.
- 2. Ordinære styresaker**
- sjå sakliste
Merknad til sak 51/2014. Vurdering av roller mellom kommuneverv og nasjonalparkstyre blir vurdert av direktoratet måndag.
- 3. Møteprogram 1. halvår 2015**
Vi har vel ikkje datoar for møteverksemd i kommunane og fylka, men kan lage ein grov kjøreplan for nødvendige styremøte fram mot sommaren. Det er ønskjeleg å få sett opp eventuelle 2-dagarsmøte med innlagt synfaring og fysiske dagmøte i god tid, medan telefonmøte kan leggast inn ved behov.

Lunsj er kl 13:00

Vel møtt!

Med helsing

Kari Sveen
Nasjonalparkforvaltar Jotunheimen

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 44/2014	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 45/2014	Referatsaker		
RS	Rapport naturrettleiing Jotunheimen sommaren 2014		2014/523
RS	Delegering av myndighet etter naturmangfoldloven § 62 andre ledd tredje punktum fra Miljøverndepartementet til Miljødirektoratet vedrørende fastsettesle av vedtekter m.m.		2014/5771
RS	Valg av medlemmer i tilsynsutvalget for Utladalen landskapsvernområde og Jotunheimen nasjonalpark 2014-2015 – Årdal kommune		2014/523
RS	Supplerende tildelingsbrev på miljøområdet - Jotunheimen som pilot besøksforvaltning		2014/712
RS	Bru Blåtjønnåe		2014/3043
RS	Brenning av avfall ved hytte på Galdhøpiggen - Jotunheimen nasjonalpark	X	2014/5756
ST 46/2014	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Pilot for besøksforvaltning - Innfallsport frå Fv 55 over Sognefjellet		2014/712
ST 47/2014	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Bestillingsdialog med Statens naturoppsyn 2015 - Søknad om tiltak		2014/7494
ST 48/2014	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2015 - Landing med helikopter på Galdhøpiggen - Bergen Styrkeløftklubb		2014/8194
ST 49/2014	Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Prinsippsak - Utplassering av båtar og oppbevaringskasser for fiskeutstyr innan verneområda		2014/2821
ST 50/2014	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2014 - Utplassering av båt og oppbevaringskasse for fiskegarn ved Hinnotetjønne - Kjell Kleiven - Ny behandling		2014/2381
ST 51/2014	Jotunheimen nasjonalpark - Revisjon av arealdelen av kommuneplanen for Luster kommune - uttale til høyring		2014/8269
ST 52/2014	Eventuelt		2003/4333

ST 45/2014 Referatsaker

Rapport naturrettleing Jotunheimen sommaren 2014	2014/523
Delegering av myndighet etter naturmangfoldloven § 62 andre ledd tredje punktum fra Miljøverndepartementet til Miljødirektoratet vedrørende fastsettesle av vedtekter m.m.	2014/5771
Valg av medlemmer i tilsynsutvalget for Utladalen landskapsvernområde og Jotunheimen nasjonalpark 2014-2015 - Årdal kommune	2014/523
Supplerende tildelingsbrev på miljøområdet - Jotunheimen som pilot besøksforvaltning	2014/712
Bru Blåtjønnåe	2014/3043
Brenning av avfall ved hytte på Galdhøpiggen - Jotunheimen nasjonalpark	2014/5756

Arkivsaksnr: 2014/712-18

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 28.11.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	46/2014	11.12.2014

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Pilot for besøksforvaltning - Innfallsport frå Fv 55 over Sognefjellet

Forvaltar si innstilling

Saka vert lagt fram utan innstilling på val av innfallsport som pilot for tilrettelegging. Presentasjonen av moghetsstudien frå Asplan Viak er ein del av avgjerdsgrunnlaget, saman med dei forvaltningsmessige vurderingane som er gjort i saksframlegget.

Nasjonalparkstyret ønskjer å få utført besøksregistrering før og etter tilrettelegginga på lokaliteten som blir vald som pilot. Dette for å undersøke om denne typen tilrettelegging trekkjer nye besøkande til verneområdet. Vi ser dette som kunnskap med stor overføringsverdi til andre område som ønskjer ei meir aktiv besøksforvaltning. Det blir i bestillingsdialogen lagt inn søknad om ferdselsteljar for registreringar i 2015 og 2016. Ifølgje planlagt tidsskjema vil bygging starte på seinsommaren, slik at ein får telleresultat for mai-juli som er samanliknbare mellom dei to sesongane.

Dei to innfallsportane som ikkje vert valde som pilot, skal prioriterast med oppdatert informasjon om verneverdiar og ferdselsråd, i tråd med føringar i forvaltningsplanen.

Saksopplysningar

Saksdokument:

- Sak 38/2014 og 41/2014 i Nasjonalparkstyret
- Besøksstrategi vedteken av nasjonalparkstyret i møte 07.11.2012
- Verneforskrift for Jotunheimen NP (revidert 2014)
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LVO (2008)
- Mulighetsanalyse utført av Asplan Viak på oppdrag frå Miljødirektoratet (blir lagt fram i møtet)
- Uttale frå Villreinnemnda i Vest-Jotunheimen (blir ettersendt)


Nasjonalparkstyret gjorde i møte 12.09.14 slik vedtak om muligheitsanalyse (sak 41):

«Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen sluttar seg til forslaget om utlysning av ein konkurranse som omfattar ein moglegheitsstudie som dekkjer innfallsportane Krossbu, Turtagrø og Sognefjellshytta. Studien skal vera eit tilstrekkelig grunnlag til ein open konkurranse om prosjektering av ein innfallsport for oppsetjing sommaren 2015.

Nasjonalparkstyret gjer det endelege valet frå moglegheitsstudien, ut ifrå eit strategisk val basert på kva mål ein primært ønskjer å oppnå med tilrettelegging av ein profilert innfallsport.

Det blir etablert tettare dialog med Nasjonale Turistveger for å få synleggjort nasjonalparkprofilen i den samla tilrettelegginga som skal skje ved Gjendeosen og på Reinsvangen i regi av turistvegprosjektet.»

Asplan Viak vart etter tilbudsrunde til 5 firma vald til å utføre moglegheitsstudien for dei 3 lokalitetane langs Fv 55. Kartet under viser lokalitetane og grenser for verneområda:



Grensene for Jotunheimen er trekt eit godt stykke unna vegen, da ein på den tida nasjonalparken vart oppretta prøvde å få verneområda lengst mogleg unna område med næringsverksemd. Grense for Breheimen er derimot trekt så langt mot Fv 55 som råd, på den delen som ligg i Lom kommune. Dette ut ifrå eit politisk ønskje om å kunne nytte nasjonalparkstatusen som eit ledd i verdiskapinga for reiselivet, og der høvet til å gå heilt inn i nasjonalparken ved ein liten spasertur frå bilvegen vart sett på som eit pluss. Det er ca. 4 km å gå til nasjonalparkgrensa frå Turtagrø, og ca. 2 km frå Sognefjellshytta eller Krossbu. Dei to siste ligg heilt opp mot grensa til Breheimen, slik at lokalitetane enkelt kan utviklast som innfallsport også for naboparken Breheimen.

Rammene for muligheitsstudien er skildra slik av Asplan Viak:

«Oppgaven gjelder vurdering av tre utvalgte planområders egnethet som tomt for etablering av en innfallsport til Jotunheimen nasjonalpark. Dette blir gjort gjennom befaring/registrering, en analysedel og videre en mulighetsplan for de tre alternativene. Formålet med muligheitsstudiet er å utarbeide et beslutningsgrunnlag for å kunne velge én tomt som innfallsport, samt danne et grunnlag for utlysning og gjennomføring av en åpen detaljkonkurranse.»

Asplan Viak vil presentere analysen for styret 11. desember. Analysen vil vise korleis dei ulike lokalitetane kan fungere som stopplass og informasjonspunkt, men har ikkje

vurderingar i høve til innverknad på verneformål og verneverdiar.

Dette spørsmålet må vurderast av forvaltninga sjølv, med utgangspunkt i verneforskrift, forvaltningsplan og kunnskap om biologisk mangfald og bruken av området.

Miljødirektoratet arbeider parallelt med ein metodikk for vurdering av sårbarheit, der NINA er engasjert for ei fagleg utgreiing. Nasjonalparkforvaltarane som deltek i pilotsatsinga har vore med på arbeidsmøte om temaet 27.11.14. Ein vil i vurderinga prøve å ta med element frå denne metodikken, så langt det passar for Jotunheimen.

I høyring til besøksstrategien, som vart vedteken i 2012, hadde Luster tilsynsutval slik merknad til eventuell tilrettelegging ved innfallsporten Turtagrø:

«Det må ikkje koma ny- eller utviding av eksisterande tilrettelegging i den del av verneområdet som omfattar Vest-Jotunheimen villreinområde utan at Villreinnemnda, som forvaltningsorgan for villrein, får uttala seg. Det same gjeld også for nye inngrep. Spesielt må det takast hensyn til trekkveger og beiteplassar.»

Denne formuleringa vart etter behandlinga i nasjonalparkstyret 07.11.12.innarbeidd i tredje avsnitt av pkt. 10.2 på side 42 i den vedtekne besøksstrategien.

På grunnlag av denne føringa vart spørsmål om lokalisering av pilot innfallsport sendt villreinnemnda for uttale, ved brev av 19.11.14.

Uttale frå villreinnemnda vil bli ettersendt eller lagt fram i møtet.

Vurdering

Mål med den nye innfallsporten må vera å kunne ønskje fleire besøkande velkomne til Jotunheimen, gje brukarane ei god oppleving og leggje til rette for verdiskaping utan at bruken går ut over verneverdiane – jf. mål i besøksstrategien vedteken 07.11.2012:

1. Bidra til å gje dei besøkande ei betre oppleving
2. Bidra til å auka verdiskapinga i lokalsamfunna rundt verneområdet
3. Bidra til å ta vare på naturverdiane i verneområdet og i randsona

Som pilot bør det i tillegg vera eit mål å hauste erfaringar som kan vera nyttige for andre verneområde.

Dei tre innfallsportane som vert foreslått inn i moglegheitsstudien har ulike kvalitetar og ulike forvaltningsmessige utfordringar, men alle kan fungere som stoppestad for å finne ut meir om Jotunheimen. Felles for alle tre er at dei har infrastruktur som parkering og tilgang til turstignettet i Jotunheimen, og dei er lokaliserte ved bemanna turisthytter. Det er positiv haldning frå grunneigarar og næringsdrivande på alle lokalitetane.

Styret må gjera eit strategisk val ut ifrå kva mål dei har for ei slik tilrettelegging for synleggjering og profilering av nasjonalparken.

Val av innfallsport inneber ikkje berre val av ein eigna plass for ein innfallsport sett frå brukarane si side, men også eit val som skal sikre at auka bruk ikkje går ut over verneverdiane. Det må leggjast til grunn at den valde innfallsporten vil fungere som eit trekkplaster overfor dei som ferdast langs Fv. 55. Eit mål med såpass omfattande tilrettelegging må vera å få fleire til å stoppe for å oppleve nasjonalparken og bruke litt meir tid i området, og gjennom dette bidra til auka verdiskaping i området.

Det er ikkje grunnlag for å tru at dei som brukar området i dag vil bli særleg påverka av tilrettelegginga og endre turmål fordi ein av innfallsportane blir sterkare profilert enn dei to andre. Men ein må forvente at nye brukarar – dei som gjer ein stopp på impuls ved den nye innfallsporten – truleg vil koma på toppen av besøkstalet som er der i dag.

Om dei nye berre vil sjå på installasjonane nær vegen, eller også gå ein kortare eller lengre turar inn mot nasjonalparken er svært vanskeleg å spå.

Ein godt utvikla innfallsport vil kunne bidra til betre informasjon om verneverdiar og sterkare kanalisering av ferdselen. Informasjons- og kanaliseringstiltak for å skjerme sårbart dyreliv kan også setjast i verk sjølv om det ikkje vert nokon pilotinnfallsport. Dette er tiltak som ligg inne i forvaltningsplanen og som forslag i tiltaksplanen frå før.

Pilotsatsinga vil med stort sannsyn trekkje nye brukarar til området. Erfaringar frå Hamra nasjonalpark i Sverige viser at mange kom nettopp for å sjå installasjonane ved innfallsportane, fordi dette representerte noko nytt. Besøkstalet auka her frå ca. 5000 før utbygging til ca. 15.000 årleg etter at dei tre innfallsportane stod ferdige.

Også den steinsatte stigen kalla Prestholtrunden i Hallingskarvet nasjonalpark har medført ein sterk auke i besøkstalet – frå ca 5-7000 før tilrettelegging til nær 30.000.


Forvaltningsmessige føringar i verneforskrift og forvaltningsplan knytt til dei einssilde lokalitetane, frå vest mot aust:

Turtagrø


Turtagrø er innfallsporten til det villaste og mest alpine fjellområdet i Jotunheimen, og har ein sterk posisjon blant klarrarar og andre fjellfolk. I klårver ser ein den majestetiske tinderekka i Hurrungane, noko som inviterer til stopp og fotografering. Hurrungane er både i gjeldande forvaltningsplan frå 1998, og i utkast til revidert plan frå 2008 (kap. 6.3.1), vist som vernesone utan ny tilrettelegging eller inngrep. Turtagrø ligg eit stykke frå nasjonalparkgrensa; med avstandar 3 km i luftlinje, og ca 4 km inn til grensa etter stig gjennom Skagadalen. Ein må likevel vurdere korleis tilrettelegging for auka ferdsel i området rundt Turtagrø kan verke inn på verneverdiane samla sett.

Turtagrø ligg innan Vest-Jotunheimen villreinområde.

Kart frå Naturbase – Miljødirektoratet. Turtagrø markert med sirkel:



Stigane frå Turtagrø mot Skagadalen, Ringsdalen, Gjertvasda åken kryssar alle trekkveggar for villreinen, jf. kart over som viser beite- og gagar.



Ny verneforskrift vedteken ved kgl.res. av 08.11.14 har teke inn villrein som del av verneformålet – jf utdrag av formålsparagrafen:

«Formålet med nasjonalparken er å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- - - - -
- *Leveområde for villreinen*
- - - - -»

Dette er eit sterkt signal om at forvaltninga må ta nødvendige omsyn for å sikre at villreinstamma i Vest-Jotunheimen, som dels har sitt tilhald innan Jotunheimen og Utladalen, vert levedyktig på lang sikt. Dei seinare åra har det vore mindre bruk av dei austre delane av villreinområdet. SNO-notat av 27.05.08 til forvaltninga tek opp situasjonen for villreinen i Vest-Jotunheimen, og her står m.a. følgjande:

«Verneområda i Vest-Jotunheimen inngår i leveområdet for m.a villrein i fjellområdet mellom Årdal- og Lustrafjorden. Etter fleire år med ei stamme på om lag 400 vinterdyr, har ein dei aller siste åra registrert ein plutselig nedgang på om lag 100 vinterdyr. Årsakene kan vere mange, men registreringar utført av oppsynet tyder på at færre rein enn før trekkjer austover mot Sognefjellet og Hurrungane. Desse høgareliggande delane av villreinområdet er viktige for villreinen heile året, men kanskje mest om somrane når friske beiter smeltar fram der snøen ligg lenge. Det har vore vanleg at småflokkar, spesielt bukkeflokkar, trekkjer nordaustover i april og mai, for så å halde til i dalane på vestsida av Utladalen heile sommaren, før dei trekkjer vestover att mot hausten. Dette viktige trekket føregår dermed samtidig med dei store arrangementa i nettopp denne delen av Vest-Jotunheimen. Dette kjem i tillegg til all anna aktivitet i området som følgjer av opning av Sognefjellsvegen og "Tindevegen" mellom Turtagrø og Øvre Årdal i mai. Tidlegare vart "Tindevegen" opna når den hadde smelta fram, men dei seinare åra har opninga skjedd i slutten av mai, etter ein større innsats med snøfresar. Denne vegen skjær tvers over trekkrutene for villrein, og det seier seg sjøl at høge brøytekantar kan vere ei barriere som hindrar trekket. Samla sett fører dette til at denne delen av villreinområdet har utvikla seg til ein trongare og trongare "flaskehals", både i tid og rom. Halvøya mellom Årdals- og Lustrafjorden har vorte meir som ein "blindtarm" der villreinen i Vest-Jotunheimen er stengt inne heile året. I dette området har ein dei siste par somrane sett at snøen har smelta heilt bort, og reinen får dermed ikkje lett tilgang til avkjøling på snøfenner på varme dagar. Dette fører som kjent også til at reinen vert mykje meir plaga av insekter.»

Området aust for Fv 55 mot Hurrungane har funksjon som vår- og sommarbeite, jf. registrering i Naturbase. Området har kvalitetar som er særleg verdifulle på varme sommandagar. Her kan reinen trekke opp på fonner og brear for å redusere insektplagen i solvarmen, og samstundes ha kort avstand ned att til frodige beiteområde på kveld og natt når temperaturen går ned.

I forvaltningsplanutkast (2008) står følgjande om forholdet mellom friluftsliv og villrein:

«Forvaltninga av nasjonalparken må sjåast i samheng med villreinforvaltninga i området for å dempe og om mogleg unngå konflikhtar mellom villrein og friluftsliv. - - -

«Hurrunganeområdet er viktig for villreinen. Det er difor viktig at det ikkje vert gjennomført tilretteleggingstiltak som fører til auka ferdsel, og at tiltaka medverkar til at ferdsla

held seg på faste stader. - - -

«Frå Turtagrø har det i mange år vore arrangert turar med førar til Store Skagastølstind og til Skagastølstind-området. Det har og vore arrangert slike turar frå Skogadalsbøen turisthytte. Dei seinare åra har det vore arrangert telemarksrenn frå Dyrhaugsryggen.

Det er stor pågang for å drive fjellføring og kursverksemd i området. Det er viktig at den organiserte ferdsla ikkje vert så stor at den kjem i konflikt med naturkvalitetane i området og/eller fortrengr dei som går tur på eiga hand.»

Retningslinjer for teig 4 Hurrungane-området:

«Inga ny tilrettelegging eller inngrep. Det skal takast særskilt omsyn til villreinen i området. - - -»

Ei eventuell utbygging av ein profilert innfallspørt ved Turtagrø må leggje sterk vekt på informasjon om villrein og tiltak for kanalisering av trafikken. Det er tenkt å etablere ein timestur/naturstig via Skarstølsknubben som kan bidra til å halde ferdsla mest mogleg samla. Erfaringar viser at dei fleste vil følgje tilrettelagde og merka stigar, men det er også merka rute mot Fannaråken og stig innover Skagadalen som enkelte truleg vil følgje eit stykke innover. I tillegg vil ein heile tida ha dei som vel å gå på eige hand. Ein må såleis rekne med at det blir auka trafikk i nærområdet rundt Turtagrø og på strekninga inn mot nasjonalparkgrensa, men det er vanskeleg å vurdere omfang eller vite sikkert kva innverknad dette eventuelt kan få for villreinen sin bruk av området.

Sognefjellshytta

Sognefjellshytta ligg nær høgaste punktet på Sognefjellsvegen, og er omgjeve av eit landskap som inviterer til stopp og fotografering. Det er merka stigar både inn i Breheimen og Jotunheimen, som knyter den private turisthytta til DNT sitt løypenet. Sognefjellshytta ligg nær teigane Smørstabbtindane og Fannaråken, vist som brukssoner, kap. 6.3.2, i utkast til revidert forvaltningsplan for Jotunheimen frå 2008. Sognefjellshytta ligg ca 2 km frå grensa til Jotunheimen, etter stigen til Skogadalsbøen.

Sognefjellshytta ligg rett aust for Vest-Jotunheimen villreinområde. Kart frå Naturbase – Miljødirektoratet. Sognefjellshytta markert med sirkel:



Kanalisering av ferdsel etter faste stigar er viktig for å unngå unødig slitasje på høgfjellsvegetasjonen. Det er vidare viktig å vera merksam på varderekka.

Krossbu

Krossbu er i særleg grad utgangspunkt for brevandring og vårskiløping, og har Smørstabbtindane og -breen som attraktive turmål.


Dette er teig 8 innan område definert som brukszone i utkast til revidert plan frå 2008:
«Teig 8: Smørstabbre-området

Området har store naturkvalitetar knytt til breane og avsetningar frå desse. Om sommaren er Smørstabbreen lett tilgjengeleg både frå Sognefjellet og frå Leirdalen/Gravdalen. Området er særleg attraktivt pga spennande fjelltoppar og brear. Vegen over Sognefjellet blir opna omlag 1. mai. Området er difor mykje nytta til skigåing på forsommaren. I turistsesongen er det turar med førar over breen. På breen blir det årleg arrangert fleire brekurs. Det er ingen hytter eller merkte stiar i området, men ruta over breen mellom Krossbu og Leirvassbu vert kvista til påska. Det er utført tiltak (klopplegging) i høve til slitasjeskader på myr/vegetasjon på stien mot nasjonalparkgrensa ved Bøverbreen. Det er mange døme på uforsvarlig ferdsel i området og ved gjevne mellomrom er det ulykker og redningsaksjoner på breane i området. Det er behov for å videreutvikle informasjon om forsvarlig ferdsle på bre i området.

Retningslinjer:

Området er mykje brukt som turområde, og vil bli særleg følgt m.o.t. naturslitasje og søppel og m.o.t. omfanget av ferdsel. Informasjon om sikker ferdsel på bre må vidareutviklast.»

Kart frå Naturbase – Miljødirektoratet. Krossbu markert med sirkel:



Tilrettelegging ved Krossbu får liten innverknad på registrerte verneverdiar. Det er noko vått terreng på strekninga inn mot Bøverbreen som bør tilretteleggast betre med kavling eller gangbaner for å unngå skjemmande spor ved at folk tek ny stig sida av etter kvart som dei myrlendte partia blir trakka opp. Det er allereie etablert slike baner på ein stor del av dei blaute strekningane.

Oppsummering

Besøksstrategien legg vekt på å leggje til rette for besøkande, og konkluderer med at «verneverdiene i Jotunheimen er mindre sårbare i forhold til bruk, enn i en del andre nasjonalparker i Norge.»

Men besøksstrategien viser også til eit par element som er viktige å ta omsyn til: «De største utfordringene med bruk i forhold til å ivareta verneverdiene er slitasje/erosjon på stier og villreinstammen i Vest-Jotunheimen.»

Det er ved lokalisering og tilrettelegging av ein ny og profilert innfallsport såleis viktig å sjå til at auka bruk som følgjer av tiltaket ikkje kjem i konflikt med verneverdiane.

Jf. mål nr. 3 i besøksstrategien:

«Bidra til å ta vare på naturverdiane i verneområdet og i randsona»

Ein må rekne med fleire besøkande ut ifrå at den første innfallsporten bygd i tråd med ny merkevarestrategi for den norske nasjonalparkforvaltninga kan bli eit trekkplaster i seg sjølv – i alle fall dei første åra. Uttale frå villreinnemnda når det gjeld konsekvensar for villreinen bør derfor vektleggast sterkt ved val av innfallsport for pilotsatsing.

Arkivsaksnr: 2014/8228-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 04.12.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	47/2014	11.12.2014

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Bestillingsdialog med Statens naturoppsyn 2015 - Søknad om tiltak

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen sluttar seg til at det vert søkt om tiltaksmidlar via elektronisk søknad til bestillingsdialogen 2015 til følgjande tiltak – jf. vedlagt forslag til tiltaksplan:

Informasjon/tilrettelegging i tråd med besøksstrategi og forvaltningsplan

- Pilot innfallsport ved Fv. 55
- Naturrettleiar
- Lokal Turapp.
Både merka ruter i verneområdet og lokale turar rundt turisthyttene.
- Informasjonstavler/skilt på utvalde plassar med mangelfull/utdatert informasjon
- Kartlegging/ferdselsregistreringar og sårbarheitsvurdering
- Fareskilt bre, Krossbu/Bøverbrean + Prestesteinsvatnet
- Infoskilt for sårbar vegetasjon + retningsskilt Gjendeosen og Galdhøpiggen
- Informasjon om steinbu Memurudalen

Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen. Ulike tiltak tilpassa områda over tid

- Sikring Vettisfossen
- Ny bru over Fleskedøla – stokkbru
- Ny bru over bekk ved Morka-Koldedøla like før Vettisfossen
- enkel stokkbru
- Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen. Ulike tiltak tilpassa området.
- Vintervegen mot Fannaråken

Skjøtsel:

- Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)
- Styrte beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)
- Styving/rising av alm og lind. Vedlikehald av gamle og rekruttering av nye styvingstre i heimre Utladalen
- Krattrydding Guridalen
- Styrte beite ved Gjendebu (geit)
- Styrte beite ved Gjendebu (storfe)
- Kratt og skogrydding/vedlikehald Gjendebuområdet
- Storfebeiting Memurudalen

Andre tiltak

- Båt for felles bruk
- Barnas Naturoppsyn og undervisningsopplegg i Avdalen

Endeleg prioritering av tiltak blir gjort i første møte etter at tildeling av midlar er klart. Nasjonalparkstyret vurderer god besøksforvaltning som ei særleg viktig oppgåve, da dette skal gje grunnlag for bruk av verneområda som ein ressurs for lokalsamfunnet. For å kunne nytte nasjonalparkane som merkevare og trekkplaster i reiselivet, er det nødvendig at bruken skjer på ein måte som sikrar verneverdiane. Det må derfor satsast på informasjon, kanalisering av ferdsel utanom sårbare område, og restaurering og tilrettelegging i område definert som brukssoner med meir intensiv bruk.

Bestilling av tenester frå SNO:

- Brukarundersøkingar, manuell og ved bruk av teljar (eco-counter)
- Kartlegging og overvaking av rovfuglar
- Kartlegging og overvaking av fjellapollsommarfugl
- Førebuing og vedlikehald av styvingar av alm og lind
- Barnas naturoppsyn - skuleopplegg mot 7.klassar rundt verneområde

Saksopplysningar

Saksdokument

- SNO – Bestillingsdialog 2015, e-post av 06.11.14
- Besøksstrategi for Jotunheimen og Utladalen
- Dokument knytt til pilotsatsing i besøksforvaltning
- Aktivitetsrapport 2014 frå SNO og forvaltarar – presentasjon i møte

Vedlegg til saka

1. Forslag til tiltaksplan 2017-2017, vidareføring av tidlegare plan, justert for prisauke. Beløp i planen er og justert i høve til endring i form av momsrefusjon.

Rigmor Solem frå SNO og forvaltarane vil presentere gjennomførte tiltak i 2014 og skissere aktuelle tiltak for 2015 i styremøte 11. desember 2014.

Hovudtiltaket i 2015 blir utbygging av innfallsport som pilot i besøksforvaltninga. Miljødirektoratet prioriterer midlar til denne satsinga. Ut over dette har direktoratet gjeve føringar om at ein ikkje kan rekne med særlege ressursar via bestillingsdialogen til nye tiltak, men må nøye seg med vidareføring av det som alt er i gang.

For saksførebuing er det gjennomført eit arbeidsmøte mellom nasjonalparkforvaltarane og lokalt SNO via Lync. Det er sett opp eit felles utkast til tiltaksplan for verneområda for perioden 2015-17, sjå vedlegget. Frist for innlegging av elektronisk søknad er 31.12. I tillegg kjem B-skjema, som viser forventningar til SNO si verksemd. Her kan det både vera overvaking/registreringsarbeid og utføring av skjøtsel og tilrettelegging.

Samla tildeling av midlar gjennom bestillingsdialogen til forvaltning, informasjon, skjøtsel og tilretteleggingstiltak i Jotunheimen og Utladalen var i 2014 1,2 millionar kr. Det vart gjeve 50.000 kr som tilleggsmidlar våren 2014, og med noko intern omdisponering av ressursane har ein har hatt rom for å gjennomføre prioriterte tiltak.

Framlegg til statsbudsjett for 2015 viser noko reduksjon i samla tildeling til tiltak i nasjonalparkane. Dette gjev signal om ei streng prioritering av midlar. Jotunheimen vil som pilot for besøksforvaltning likevel få eitt større tiltak i 2015.

Det er i vedlagt tiltaksplan sett opp i alt kr 6.152.000 kroner for Jotunheimen og Utladalen. Av dette utgjer pilotsatsinga totalt 5 millionar kroner, med 500.000 kr i prosjektering og ca 4,5 millionar til utbygging av pilotinnfallsport. Dei andre beløpa er i stor grad vidareføring av gjeldande tiltaksplan, der det er teke høgde for litt prisstigning, men også ei nedjustering som følgje av ny ordning for momsrefusjon frå neste år. Ein må likevel vera førebudd på å måtte justere andre aktivitetar litt ned. Enkelte av dei foreslåtte tiltaka kan gjennomførast med redusert nivå – t.d. ein naturrettleiar i staden for to, redusere omfanget av skjøtsel, eller ta ut att tiltak. På bruene er det aktuelt med spleiselag med andre aktørar, slik at bidraget frå nasjonalparkmidlane kan justerast.

Det er nasjonalparkstyret som gjer dei endelege prioriteringane, etter at midlane er fordelt av Miljødirektoratet på nyåret i 2015.

Vurdering

Skjøtsel, tilrettelegging/vedlikehald av stigar og informasjon har vore dei store postane innan tiltaksmidlane. I tillegg trengst auka kunnskap om verneområda, da eldre verneområde som Jotunheimen og Utladalen manglar dei omfattande kartleggingane av biologisk mangfald og brukarinteresser, som er standard i nye verneplanprosessar. Noko er utført i 2014, ved at Jotunheimen var prioriterte for NiN-kartlegging.

Informasjon og tilrettelegging i tråd med besøksstrategien

Utbygging av innfallsport som pilot i besøksforvaltning vil bli klart største tiltaket i 2015, og til dette kjem ekstra ressursar. Men det er samstundes gjeve signal om at ein ikkje kan vente særleg mykje til andre nye tiltak. Oppfølging og vidare utvikling av besøksstrategien som vart vedteken i 2012 må få høg prioritet i åra framover. Det er mange som gjestar Jotunheimen, og ein må derfor leggje stor vekt på tiltak som kan bidra til å gje turistar gode naturopplevingar utan at aktivitetane i vesentleg grad går ut over verneverdiane. Infrastrukturtiltak som kan gje grunnlag for berekraftig næringsutvikling i kommunane rundt nasjonalparken bør ha høg prioritet.

Tilrettelegging og aktivitet i og i randsonen til verneområda skal også leggje vekt på lokalbefolkninga sin bruk av områda, og barn og unge bør bli ei viktig målgruppe for naturopplevingar og kunnskapsformidling. God samhandling med lokalsamfunna vil vera avgjerande for at nasjonalparken med tilgrensande verneområde skal opplevast som ein verdi for bygdene.

Naturrettleiing:

Tilsetting av naturrettleiar i sommarsesongen vil vera viktig for å ha i alle fall litt ressursar på dette området. Naturrettleiing fungerer både som eit servicetilbod og eit ledd i arbeidet for å sikre at bruk ikkje går ut over verneverdiane.

Skjøtsel:

Skjøtsel i Gjendebu og i Utladalen vert planlagt vidareført.

Skjøtselstiltaka i Utladalen har gått over fleire år og er omfattande. Dei siste 4-5 åra er skjøtselen også utvida til Øvre Utladalen. Framlegg til skjøtelsesplan har vurdert dei ulike skjøtelsesområda i Utladalen og tilrår vidareføring, men rangerer også dei ulike områda. Skjøtsel av kulturmark er ressurskrevjande og krev innsats over tid. Ei utviding betyr derfor at ein bind opp ressursar for åra framover, da det har liten hensikt å berre utføre eingongstiltak. Ved prioritering av skjøtelsesområde vil styret samstundes gje signal om at tiltaket bør ha høg prioritet også i åra framover. Prioritering mellom tiltaksområde bør vere fagleg forankra i skjøtelsesplanen. Ved eventuelt behov for prioriteringar må verneverdi ha stor vekt, og tiltak i samarbeid med aktive drivarar i landbruket vil også ha stor verdi for lokal forankring og bidrag til verdiskaping.

SNO og prioriterte aktivitetar

Forvaltninga kan bestille særlege fokusområde innan SNO gjennom innmelding på skjema. Nytt tiltak for 2015 er tilrettelegging av ferdselsteljarar og manuell registrering. Ferdslsregistreringar blir vurdert som eit viktig verkemiddel for å hauste erfaringar og å kartleggje bruksmønster for å vurdere tiltak for å skjerme sårbare område. Aktuelle lokalitetar er pilotinnfallsport for kartlegging av ferdsel før og etter tilrettelegging, Knutshø og trafikkteljing innover Utladalen.

Styret blir og invitert til å koma med innspel når vi går gjennom tiltakslista i møtet.

Arkivsaksnr: 2014/8194-3

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 03.12.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	48/2014	11.12.2014

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2015 - Landing med helikopter på Galdhøpiggen - Bergen Styrkeløftklubb

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen avslår søknad frå Bergen Styrkeløftklubb om dispensasjon for landing med helikopter på Galdhøpiggen.

- Motorisert ferdsel i nasjonalparken er i utgangspunktet forbode – jf. verneforskrifta § 3 pkt. 6.1, og dispensasjon kan berre vurderast for tiltak heimla i verneforskrifta og til særskilde viktige formål av samfunnsmessig verdi.
- Forvaltningsplanen legg vekt på å redusere motorferdselen til eit lågast mogleg nivå, og dersom ein opnar for helikoptertransport for gjennomføring av ulike private arrangement, vil det skape uheldig presedens slik at samla belastning på området vil medføre forringing av verneverdiane – jf § 10 i naturmangfaldlova.
- Naturmangfaldlova § 48 opnar ikkje for å gje dispensasjon for aktivitetsopplegg som medfører behov for helikopter, da transporten vil vera i strid med vernevedtakets formål.

Saksopplysningar

Lom kommune har sendt over søknad frå Bergen Styrkeløftklubb om dispensasjon for landing med helikopter på Galdhøpiggen. Utdrag av søknaden:

Vil med dette søke om landingstillatelse med helikopter ved Juvashytta og på Galdhøpiggen, som vi antar innbærer dispensasjon fra lov om motorisert ferdsel i utmark. Bergen Styrkeløftklubb planlegger utflukt til Galdhøpiggen for sine medlemmer i begynnelsen av juni 2015, fortrinnsvis helgen 6-7. juni eller 13-14. juni 2015.

I tillegg til selve turen, ønsker vi samtidig å gjennomføre et løftestevne på Norges høyeste fjell.

Da to av våre medlemmer har fysiske handikap, ønsker vi å transportere disse personene og noe utstyr fra Juvashytta til Galdhøpiggen, med retur tilbake til Juvashytta etter ca 2-3 timer.

- -

Turen i kombinasjon med løftestevne på Norges høyeste fjell vil utvilsomt gi stor inspirasjon til våre medlemmer og fremme fysisk trening, mestring og turglede, ikke minst for dem med fysisk bevegelseshemming.

Følgjande utfyllande opplysningar er gjeve i e-post av 03.12.14:

«Til orientering, styrkeløft-seansen på Galdhøpiggen i regi av BSK og er kun ment for "profilering" av klubben og våre medlemmer.

Utstyr som skal medbringes med helikopter til/fra Galdhøpiggen er en benk, en vektstang med vekter med tilhørende sikkerhetsutstyr, til sammen 100-150 kg.

Vi ser ikke hvordan dette skal kunne påvirke verneforskrifta for nasjonalparken, men vi vil selvsagt overholde alle forskrifter og retningslinjer for en forsvarlig ferdse på Galdhøpiggen.»

Vurdering

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Jotunheimen NP (2014)
- Naturmangfaldlova
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LVO (2008)

§ 3 pkt. 6.1 i Verneforskrifta for Jotunheimen NP set forbod mot motorferdse.

Forvaltningsstyresmakta kan vurdere dispensasjon for enkelt definerte formål gjeve i pkt. 6.3. Arrangement utan tilknytning til området og persontransport inngår ikkje her.

Den generelle dispensasjonsheimelen i § 4 kan i heilt spesielle tilfelle vera relevant:

§ 4. Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot formålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlovas § 48 første ledd set rammer for kva unntak som kan vurderast:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjer det nødvendig.»

Styrkeløftkonkurransen kan ikkje definerast som nødvendig oppdrag med vesentlege samfunnsinteresser, og må vurderast opp mot formål og verneverdiar.

Formålet med opprettinga av Jotunheimen nasjonalpark er gjeve i forskrifta § 1:

«Formålet med nasjonalparken er å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- *Store alpine fjellmassiv med brear og spisse tindar med dei høgste fjelltoppane i Noreg*
- *Vakre og eigenarta landskap*

- *Fjellvatn og vassdragsnatur*
- *Særprega geologiske førekomstar*
- *Leveområde for villreinen*
- *Kulturminne.*

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Galdhøpiggen er eitt av Noregs mest besøkte turmål. I nasjonalparken forventar besøkande å kunne nyte fjellnaturen i ro og fred, jf. siste ledd i formålsparagrafen. Helikoptertrafikk av vil vera eit framandelement, som berre kan tillatast til nødvendige formål og med vilkår som sikrar verneverdiane i eit langsiktig perspektiv. Forvaltningsplanen legg vekt på at omfanget av motorferdsel skal liggje på eit lågast mogleg nivå. Nødvendig motorferdsel i området blir lagt utanom helger og periodar med stor utfart.

Det er forståeleg at folk ønskjer å bruke Galdhøpiggen som ein ekstra spiss på eit arrangement, men unødig bruk av motoriserte hjelpemiddel er i strid med verneforskrift og forvaltningsplan. Det vil skape uheldig presedens om ein opnar for helikoptertransport i samband med ulike arrangement, da dette i sum vil kunne gjelde for svært mange organisasjonar og privatpersonar i løpet av eit år.

Vurdering etter naturmangfaldlova:

- Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) når det gjeld naturmangfald og bruk av områda rundt bra. Påverknaden vil i hovudsak gjelde støy, og det er i første rekkje dyre- og fuglelivet og omsynet til andre brukarar som er aktuelt.
- Etter § 10 om "*Økosystemtilnærming og samlet belastning*" skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrning, om eit løyve kan skape presedens, og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Dersom ein skulle opne for bruk av helikopter for transport i samband med ulike private arrangement, vil det fort koma svært mange tilsvarande saker, og den samla belastninga i form av motorstøy og forstyrning av dyre- og fugleliv vil raskt koma over akseptabelt nivå om ein først opnar for denne typen tiltak.
- § 11 om at "*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*" og § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode er lite relevante.

Konklusjon

Det er ikkje aktuelt å opne for ein praksis der alle som ønskjer å bruke Galdhøpiggen som arena for å setja ein ekstra spiss på eit arrangement kan få lov til å bruke helikopter for transport av utstyr og deltakarar som ikkje kan gå turen på eige hand. Dette vil medføre ein formidabel auke i motortransport innan verneområdet, og vil vera i strid med verneformålet og prinsippa i naturmangfaldlova. Unødvendig helikopterstøy vil også vera til stor sjenanse for dei mange som går på Galdhøpiggen for å oppleve naturen, og eit løyve til eit slik arrangement vil bidra til å skape uheldig presedens.

Arkivsaksnr: 2014/2821-5

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 06.11.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	49/2014	11.12.2014

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Prinsippsak - Utplassering av båtar og oppbevaringskasser for fiskeutstyr innan verneområda

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen stiller seg positive til utnytting av fiskeressursane i verneområda. Det bør så langt det er råd leggjast til rette for felles bruk av båtar ved vatn med garnfiske, slik at ikkje alle treng å ha eigen båt.

Nye løyve kan berre gjevast for vatn/tjern med garnfiske, og løyve skal vera tidsavgrensa til 4 år om gongen. Det må søkjast om fornying innan utløp av løyveperioden.

Båtar som ikkje lenger er i bruk eller ikkje er søkt for fornya løyve skal fjernast.

Godkjende båtar skal merkast med eigaren sitt namn, og ved utplassering skal det leverast bilete til fjellstyret og nasjonalparkforvaltninga for at ein betre skal kunne følgje opp med fjerning av det som ikkje lenger er i bruk.

Nasjonalparkstyret er skeptisk til etablering av faste installasjonar, og garnkasser må ikkje vera større enn at dei får rom under ein kvelvd båt. Eventuelle garnkasser lagrast saman med båten.

Øydelagde båtar og restar av anna utstyr skal fjernast. Kommunen kan som forureiningsstyresmakt kontaktast for hjelp til oppfølging i medhald av forureiningslova § 37 dersom eigar ikkje sjølv fjernar utrangert utstyr.

Retningslinjer for utplassering av båtar må innarbeidast i revidert forvaltningsplan.

Saksopplysningar

Saksdokument

1. Sak 25/2014 i møte 07.04.14 – Søknad om utplassering av båt og garnkasse ved Hinnotetjønne
2. Høyringsbrev av 18.07.2014 – vurdering av prinsipp for utplassering av båtar og garnkasser i verneområda
3. Uttale frå Tilsynsutvalet i Lom etter møte 22.09.14
4. Tilbakemelding frå Vågå kommune ved e-post 02.10.14
5. Uttale frå Lom fjellstyre etter møte 03.11.14

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen behandla i møte 07.04.14 ein søknad frå ein privatperson om utplassering av båt og oppbevaringskasse for fiskegarn ved eit vatn i Jotunheimen nasjonalpark.

Nasjonalparkstyret av slo søknaden, med slik grunngjeving:

- *Etablering av varige innretningar som fiskegarnkasser opnar for ein ny praksis som ikkje er foreinleg med målet om å halde omfanget av tekniske inngrep på eit generelt lågt nivå, og i særleg grad der det ikkje er tekniske inngrep frå før.*
- *Forvaltningsplanen (utkast 2008) gjev føring om å halde omfanget av båtar nede, noko som kan oppnåast ved at det vert samarbeidd om båthald og plassering.*
- *nasjonalparkstyret ønskjer ikkje å opne for inntransport av fleire private båtar før ein har vurdert moglegheitene for etablering av eit felles tilbod for allmenta. Dette på grunn av presedensverknad, som vil forsterkast for kvart nye løyve som blir innvilga.*

Nasjonalparkstyret vedtok at ein ville gjennomføre ei høyring til dei aktuelle fjellstyra og alle tilsynsutvala, for å få ein prinsippdiskusjon kring spørsmålet om utplassering av båtar for privatpersonar, og eventuell plassering av faste installasjonar som garnkasser ved vatn i nasjonalparken, før nye enkeltsøknader blir tekne opp til behandling.

Saka var også på sakskartet i møtet for fagleg rådgjevande utval 8. september, for orientering og eventuell diskusjon.

Det vart for fleire år sidan vist til at det bør vera ein prinsippdiskusjon før ein opnar for altfor mange enkeltløyve for utplassering av båtar, men av ulike grunnar har dette ikkje vorte fullført. Nokre spørsmål forvaltninga stilte i ei tilsvarande sak i 1999 var følgjande:

- *Kan det vera aktuelt at fjellstyret held båt i dei vatna der det er ynskjeleg med eit aktivt fiske og stiller båten til disposisjon for dei som har rett til garnfiske?*
- *Er det spesielle generelle vilkår som må vera oppfylte for at det skal vera aktuelt at det vert lagt båt/båtar ved eit vatn, t.d. vatnareal, biologiske og geografiske tilhøve, soneinndeling i nasjonalparken o.s.v.?*
- *Er det spesielle vilkår som må stillast vedrørande båttype, fargar, kamuflering ved lagring o.a.?*
- *Er det spesielle vilkår som bør stillast av fjellstyret eller staten som grunneigar og som det ikkje er grunnlag for å stille med utgangspunkt i verneforskrifta? (Vi tenkjer her t.d. på krav om at ein privat båt skal kunne nyttast av fjellstyret til prøvefiske o.a.).*
- *Fylkesmannens miljøvernavdeling meiner at eventuelle løyve til privatpersonar i slike saker må avgrensast i tid. Er i tilfelle fem år ei høveleg avgrensing?*
- *Kva slag praksis bør ein leggje seg på når det gjeld motorisert transport av båtar innanfor nasjonalparken?*

Nasjonalparkforvaltarane fekk ansvar for å lage ei høyringssak til dei aktuelle fjellstyra og alle tilsynsutvala. Aktuelle problemstillingar i høyringa:

- Prinsipp for utplassering av private båtar ved vatn i statsallmenningane innan verneområda
- Kan ein sjå for seg eit øvre tal båtar ved dei enkelte vatn, og overlate til fjellstyret å fordele kvoten?
- Er det ønskjeleg å opne for faste innretningar som garnkasser/oppbevaringskasser, og kva vilkår bør eventuelt stillast til lokalisering, utforming og omfang? (ikkje tema i gjeldande forvaltningsplan)
- Er det behov for soneinndeling, der ein har enkelte vatn med opning for private installasjonar, og andre soner med berre fellestiltak i regi av fjellstyre eller andre grupper som organiserer fellestiltak?
- Bør utplassering av båtar vera tidsavgrensa?
Dette for å unngå at båtar som ikkje lenger er i bruk blir liggjande og gradvis forfalle, slik at det blir ei form for forsøpling. Det er vanskeleg å finne ansvarleg part for fjerning av øydelagt utstyr.
- Andre synspunkt

I høyringsbrevet vart høyringspartane oppmoda til å spesifisere om dei meiner det bør vera strengare i nasjonalparken enn i den mildare verneforma landskapsvernområde. Ingen av dei som gav uttale har ansvar for areal innan landskapsvernområdet, så det kom ikkje fram synspunkt på dette i høyringa.

Det vert elles vist til sak 25/2014, som gjorde at denne diskusjonen kom opp. Søknaden som utløyste diskusjonen om utplassering av båtar og garnkasse gjeld ein innanbygdsbuande person, med rett til garnfiske i Lom. Det er ingen særrettar knytt til søknaden, men ein person som i likskap med alle andre som er busette i Lom (2361 personar pr. 1/1-2014) kan hevde rett til fiske i statsallmenninga. Det er såleis ei stor gruppe personar dette spørsmålet gjeld for, slik at ei sak som skaper presedens i teorien kan utløyse svært mange tilsvarande saker. I praksis vil nok talet på søknader vera avgrensa, men i sum kan det likevel bli nokså mange båtar ved dei ulike fjellvatna dersom ein ikkje etablerer eit godt system for styring av slik tilrettelegging i privat regi.

Oppsummering av innkomne uttaler

Lom tilsynsutval har i møte 22.09.14 gjeve slik uttale:

«Tilsynsutvalet vil gjenta at det er viktig å leggje til rette og å stimulere til at fiskeressursane i fjellet vert nytta, og at dette vert gjort på ein måte som ikkje er konfliktylft i høve til verneformålet.

Tilsynsutvalet meiner at dei aktuelle fjellstyra på visse vilkår bør kunne tilretteleggje med båtar og nødvendig utstyr på dei største og mest interessante vatna, dvs. dei vatna der garnfiske er aktuelt og der det er etterspurnad frå fleire om utplassering av båt for fiske. Slike tiltak bør skje med økonomisk støtte frå forvaltningsmyndigheitene for verneområda, og at det må vera eit allment tilbod.

På vatn der det er garnfiske, men lite påtrykk for å ha båt, kan det gjevast løyve til utplassering til privatpersonar. Det bør da setjast vilkår om at desse må fjerne båten att dersom det vert aktuelt for fjellstyret å utplassere båt der til allment bruk.

Utplassering av garnkasser eller oppbevaringskasser med tanke på fiske bør ikkje tillatast anna enn i tilknytning til utplassering av båt. Desse må vera av ein slik storleik at dei kan gøymast under båten når denne er kvelva.

Løyvet til utplassering av båtar bør avgrensast i tid slik at desse ikkje vert liggjande og forfalle når dei ikkje lenger vert brukt. Det bør setjast krav om at løyvet skal fornyast kvart fjerde år.

Samrøystes.»

Vågå kommune v/ saksbehandlar har gjeve følgjande tilbakemelding på e-post 02.10.14:
*«Har vore i kontakt med Vågå fjellstyre om temaet.
Har vald å ikkje bruke tid på å leggje denne høyringssaka fram til politisk behandling ut
frå at problemstillinga ikkje er så sentral i Vågå.»*

Lom fjellstyre har i møte 03.11.14 diskutert saka, og gjort følgjande vedtak om uttale:
*«Fjellstyret sine merknader til dei kulepunkta som er lista opp i høyringsbrevet:
- Det må vera eit mål at vernet av områda ikkje skal vera til hinder for utøvinga av
bruksretten og utnyttinga av fiskeressursen i fjellvatna. Men vernemyndigheitene må i
samråd og forståing med fjellstyret, som forvaltar av fiskeretten, kunne setje vilkår og
rammer for utplassering av båtar og nødvendig tilhøyrande utstyr.
- Dersom det på eit vatn er ynskje frå fleire om å kunne ha båt, bør dette løysast ved at
det blir innkjøpt båt og utstyr til utleige for allmenta, for å unngå at det vert unødvendig
mange båtar ved same vatnet. Dette er eit tilretteleggingstiltak for allmenta som
nasjonalparkforvaltninga og fjellstyret bør kunne samarbeide om. Fjellstyret vil likevel
ikkje gå inn for at eventuelle private båtar som det frå før har vore gjeve løyve til å
utplassere ved vatnet, vert forlanga fjerna att.
- Kasser for oppbevaring av utstyr knytt til fiske (garn, gummibåt, redningsvestar, telt)
bør kunne tillatast på visse vilkår. Det må setjast maksimumsmål for kassa, setjast krav
til lagringa, og avgrensast til vatn der fiske med garn er lov.
- Utplasseringa av båtar bør avgrensast til dei lokalitetane garnfiske er lov. Det bør ikkje
vera nokor sonering av kvar det kan søkjast om utplassering eller ikkje.
- Utplasseringa av både båtar og eventuelle utstyrskasser bør vera avgrensa i tid. Eit
minimum av dokumentasjon på bruk av båt og utstyr vil vera fiskekort for området. Vert
båt eller utstyr ikkje brukt lenger, må vernemyndigheitene og grunneigar krevje at dette
vert fjerna att.
Samrøystes.»*

Vurdering

I høyringsbrevet vart det signalisert at nasjonalparkstyret er positive til tilrettelegging for garnfiske ved vatn der dette er ønskeleg, men meiner det må vera ei øvre ramme for tal båtar ved det enkelte vatn i høve til verneforskrift og forvaltningsplan som legg vekt på å unngå inngrep og halde motorferdsleaktiviteten på eit lågast mogleg nivå.

Ut ifrå uttalene synest problemstillinga å vera mest aktuell i Lom, der det er fleire mindre vatn i statsallmenninga, der bygdefolk kan fiske med garn og andre reiskap.

Både tilsynsutvalet og fjellstyret i Lom legg vekt på at det bør vera rom for utøving av garnfiske, i tråd med dei rettane bygdefolk har til fiske. Lom fjellstyre gjev ved uttale av 05.11.14 uttrykk for at dei er positive til å bidra til å få til eit felles tilbod for allmenta.

Uttalepartane ser tidsavgrensing for løyva som eit viktig verkemiddel. Fjellstyret peikar på at dersom båt eller utstyr ikkje blir brukt lenger, må vernemyndigheitene og grunneigar krevje at dette vert fjerna att. Like ein må forvaltninga følgje med og krevje fjerning om utplassert utstyr vert øydelagt. Dersom fjerning ikkje blir utført, har ein høve til å søkje bistand frå kommunen som forureiningsmyndigheit. Verkemiddel i særleg vanskelege saker kan vera pålegg om fjerning, med heimel i forureiningslova § 37:

§ 37. (pålegg om å rydde opp i avfall o.l. eller betale for opprydding)

Kommunen kan gi pålegg om at den som har etterlatt, tømt eller oppbevart avfall i strid med § 28, skal fjerne det, rydde opp innen en viss frist, eller at han skal dekke rimelige utgifter som noen har hatt til fjerning eller opprydding. Slikt pålegg kan også gis overfor den som har overtrådt § 35 første eller tredje ledd dersom dette har ført til at avfallet er blitt spredd.

Forurensningsmyndigheten kan også gi pålegg om opprydding og fjerning til den som var eier av motorkjøretøy, skip, fly eller annen liknende større gjenstand, da det ble etterlatt i strid med § 28 eller som er eier når pålegget gis.

Har noen bedt kommunen gi pålegg om opprydding eller betaling av utgifter etter første eller annet ledd, er avgjørelsen enkeltvedtak også om pålegg ikke blir gitt.

Det er viktig med god oppfølging av forvaltning og oppsyn, for å hindre at båtar som ikkje vert brukt aktivt i samband med fiske blir liggjande. Øydelagt utstyr må fraktast ut av verneområdet

Konklusjon

Det er ønskeleg å leggje til rette for utøving av rett til garnfiske, og det vil bli arbeid vidare med å få til eit opplegg med utplassering av båt i samarbeid med Lom fjellstyre. Løyve for utplassering av båt må vera tidsavgrensa. Det vert tilrådd at løyvet må vurderast på nytt etter ein periode på 4 år, jf. forslag frå tilsynsutvalet i Lom. Ein vil da ha moglegheit for å gjera samla ei vurdering av utviklinga i området med jamne mellomrom, og eventuelt leggje til rette med fellestøysingar der fleire ønskjer tilgang på båt. Løyve må ha vilkår om fjerning dersom bruken opphøyrer. Øydelagt utstyr skal fjernast av den som har plassert det. For å ha kontroll med kven som eig utplassert utstyr, må forvaltninga ha eit register over kven som har båt i verneområdet. For å kunne følgje opp ved opphøyr vil bilete av båten vera eit viktig hjelpemiddel for å kunne kontakte rette vedkomande om den vert liggande og forfalle.

Retningslinjer for utplassering av båtar må innarbeidast i revidert forvaltningsplan.

Arkivsaksnr: 2014/2381-9

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 05.12.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	50/2014	11.12.2014

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2014 - Utplassering av båt og oppbevaringskasse for fiskegarn ved Hinnotetjønne - Kjell Kleiven - Ny behandling

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret behandlar søknad frå Kjell Kleiven på nytt, etter innhenting av uttaler og prinsipiell vurdering av spørsmålet om utplassering av båtar og garnkasser innan verneområda. Uttalepartane har lagt vekt på at det må vera rom for utøving av bruksrettar som fiskegarn. Kjell Kleiven får med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 1.3.1) løyve til utplassering av båt og garnkasse ved Hinnotetjønne på følgjande vilkår:

- Løyvet vert gjeve for ein periode på 4 år – for åra 2015-2018
- Dersom det ikkje vert utplassert båt der til allment bruk i løpet av denne perioden, kan det søkjast om forlenging av løyvet
- Utanom bruk skal båten lagrast best mogleg skjerma
- Garnkasse skal lagrast saman med båten, og utformast slik at ho får plass under båten når den er kvelvd. Båt og utstyr skal merkast med namnet til eigaren.
- Dersom bruken opphøyrer, skal båt og garnkasse fjernast.
- Forvaltningsstyresmakta skal ha melding når båten vert utplassert, med opplysning om plassering i terrenget og bilete av båten.
- Det blir gjeve løyve til transport på vinterføre, der fjelloppsynet i Lom vil stå for transporten og samordne denne med andre ærend i området.

Dette løyvet gjeld i høve til verneforskrift.

I tillegg krevst godkjenning frå fjellstyret. Dei har i sin uttale i prinsipp sak vist til at «*Eit minimum av dokumentasjon på bruk av båt og utstyr vil vera fiskekort for området*».

Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret gjorde i sak 25/2014 følgjande vedtak:

«Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen avslår søknad frå Kjell Kleiven om utplassering av båt og oppbevaringskasse for fiskegarn ved Hinnotetjønne med heimel i verneforskrifta § 3.1, som vernar landskapet mot tekniske inngrep og anlegg av alle slag. Grunngeving:

- Etablering av varige innretningar som fiskegarnkasser opnar for ein ny praksis som ikkje er foreinleg med målet om å halde omfanget av tekniske inngrep på eit generelt lågt nivå, og i særleg grad der det ikkje er tekniske inngrep frå før.
- Forvaltningsplanen (utkast 2008) gjev føring om å halde omfanget av båtar nede, noko som kan oppnåast ved at det vert samarbeidd om båthald og plassering. Det blir vist til uttale frå tilsynsutvalet i 1997 om utplassering av båt ved Hinnotetjønne, der det vart tilrådd felles tilrettelegging i regi av fjellstyret dersom det vart pågang frå fleire om å få utplassere båt ved same vatnet. Det er i dag i alle fall to private båtar ved Hinnotetjønne frå før, og nasjonalparkstyret ønskjer ikkje å opne for inntransport av fleire private båtar før ein har vurdert moglegheitene for etablering av eit felles tilbod for allmenta. Dette på grunn av presedensverknad, som vil forsterkast for kvart nye løyve som blir innvilga.

Saka vert sendt attende for ny behandling i tilsynsutvalet og fjellstyret, med invitasjon til dialog med tanke på å få klarlagt kva som må til for å få til eit felles tilbod for allmenta.

Det blir vidare gjennomført ei høyring til dei aktuelle fjellstyra og alle tilsynsutvala, for å få ein prinsippdiskusjon kring spørsmålet om utplassering av båtar for privatpersonar og eventuell plassering av faste installasjonar som garnkasser ved vatn i nasjonalparken, før nye enkeltsøknader blir tekne opp til behandling.»

Kjell Kleiven klaga på vedtaket, ved brev av 01.05.14, der han ber om at saka blir behandla på ny. Han skriv m.a. at det synest utrettvist at eit par andre privatpersonar har fått løyve til å ha båt ved Hinnotetjønne og at forvaltninga deretter endrar kurs og nektar nye utplasseringar. Kleiven peikar på verdien ved utøving av fiskeretten, og at han har oppfatta vernevedtaket slik at utøving av gamle bruksrettar ikkje skulle hindrast av vernet. Han ser ein viss skilnad ved å ha båt og det å etablere innretningar som garnkasser, og ber subsidiært om at det ved ny behandling i alle fall må gjevast løyve til å ha båt dersom styret held fast ved avslaget på tiltak om etablering av garnkasse.

Vurdering

Søknaden skal vurderast etter verneforskrift, som vart revidert 14.11.14.

Den set i utgangspunktet forbod mot utplassering av båtar og tekniske innretningar:

1.1 Vern mot inngrep i landskapet

Området er verna mot inngrep av ein kvar art, medrekna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, riving av bygningar, parkering av campingvogner, bubilar, maskiner og liknande, **opplag av båtar**, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, fjerning eller øydelegging av biologisk og geologisk materiale i grotter, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Pkt. 1.3 l) opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

l) *Opplag av båtar som ikkje er i samsvar med forvaltningsplan.*

Klagen er sett fram i rett tid, og vert teken opp til ny behandling.

Prinsippsak om utplassering av båtar og garnkasser i verneområda har vore ute til høyring, og er vurdert i eige sak. Vedtak i prinsippsaka vil vera førande for enkeltsaker.

Ut ifrå tilråding frå høyringspartane bør det vera rom for tidsavgrensa løyve for utplassering av båt ved vatn/tjern med garnfiske. Dette for å sikre utøving av bruksrettane, og lik behandling med andre som har båt i området. Tilrettelegging av ei felles ordning for utlån av båt ved prioriterte vatn blir vurdert som positivt, men ei slik ordning er førebels ikkje på plass. Ordninga kan redusere talet på båtar, og bidra til å oppretthalde områda mest mogleg urørte og fri for inngrep av alle slag. Det er likevel vanskeleg å vise søkjar til ei ordning som ein enno er usikker på om ein får på plass. Tilrettelegginga er m.a. avhengig av midlar gjennom bestillingsdialogen. Søkjar har krav på å få søknaden behandla utan ugrunna opphald, og saka blir lagt fram for ny behandling, og sett i ljøs av innspela som kom fram i høyringsrunden.

Revidert forskrift har også fått tydelegare heimel for behandling av båtar, ved at det i pkt 1.2 f) og 1.3 l) er eigne punkt om opplag av båtar.

Vurdering etter naturmangfaldlova:

- Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) når det gjeld naturmangfald og bruk av områda rundt bra. Påverknaden vil vera tiltak i landskapet og motorferdsel knytt til transport.
- Etter § 10 om *“Økosystemtilnærming og samlet belastning”* skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrning, om eit løyve kan skape presedens, og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Dersom det vert stor pågang frå private om å få utplassert eigen båt og eventuelt også garnkasse, vil samla belastning på landskapet etter kvart koma på eit nivå som ikkje er ønskjeleg. Det er samstundes viktig å leggje til rette for utøving av retten til garnfiske. Det bør på sikt vurderast å investere i fellestiltak, slik Lom fjellstyre viser til. Det blir neppe fellesløyving ved alle vatn med garnfiske, og eit tidsavgrensa løyve vil hindre at det berre blir fleire og fleire etableringar over tid. Ein vil da ha høve til å gå over til fellesløyvingar dersom omfanget tilseier at enkeltløyve ikkje bør forlengast til ny periode.
- § 11 om at *«kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver»* er lite relevante
- § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Tid for transport og val av trase for motorferdsel må ta omsyn til sårbart dyreliv. Ved å nytte fjelloppsynet til transporten kan det samordnast med andre oppdrag, og ein sikrar samstundes at det er lokalkunnskap om sårbart fugle- og dyreliv i området.

Eit tidsavgrensa løyve med strenge vilkår for oppfølging vil ha akseptabel innverknad på verneverdiane i området. Garnkassa må ikkje vera større enn at den får plass under båten når han er kvelvd, jf uttale frå tilsynsutvalet. Garnkasse og båt skal lagrast samla, og det vert sett vilkår om fjerning når utstyret ikkje lenger er i bruk.

Arkivsaksnr: 2014/8269-2

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 05.12.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	51/2014	11.12.2014

Jotunheimen nasjonalpark - Revisjon av arealdelen av kommuneplanen for Luster kommune - uttale til høyring

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen meiner omdisponering av LNF-område til samferdselsanlegg både ved Prestesteinsvatnet på Sognefjellet (konsekvensutgreiing nr.19) og inn Helgedalen (konsekvensutgreiing nr. 20) vil ha negative konsekvensar for leveområdet til villreinen som er eit av verneformåla i Jotunheimen nasjonalpark. Tiltaka kan også ha negative effekt på utøving av uforstyrra naturoppleving gjennom friluftsliv. Nasjonalparkstyre for Jotunheimen og Utladalen tilrår at desse endringane av kommuneplanen ikkje vert gjennomført.

Effekten av etablering av ein helikopterlandingsplass på Skjolden er meir usikker, særleg fordi omfanget er usikkert. Nasjonalparkstyre for Jotunheimen og Utladalen meiner at ei utviding av tilbodet om turistflyging vil kunne ha negative konsekvensar på friluftslivet i Jotunheimen nasjonalpark, særleg vernesona Hurrungane.

Dokument i saka

Brev frå Luster kommune datert 03.11.2014 med orientering om høyring og med forlenga frist for høyring til 07. januar.

Bakgrunn

Kommuneplanen er det viktigaste styringa av arealbruk i ein kommune og kan både stimulere og redusere bruk og aktivitet etter ønskje. Hovudføremålet med arealdelen er å leggje til rette for ei overordna styring av arealbruken i kommunen. Arealdelen er ein juridisk bindande plan. Innanfor verneområde er verneforskrifta styrande for arealbruken, men arealbruken i randsona/ytterkant kan påverke verneverdiane innanfor vernegrensene.

Dette er utgangspunktet for saksutgreiinga til sekretariatet. Det er tilrettelegginga for tiltak som kan tenkjast å påverke verneverdiane innanfor vernegrensene som blir vurdert av nasjonalparkstyret som høyringspart.

Heimel

Verneforskriftene gjeld ikkje utanfor vernegrensene, men etter §49 i naturmangfaldlova (nml.), skal myndigheit som behandlar saker etter annan lov som kan verke inn på verneverdiane i eit verneområde ta omsyn til desse verdiane i si vurdering.

Det vart 14.11. 2014 vedteke nye verneforskrifter for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Verneverdiane i verneområdet er lista opp i formålsparagrafen (§1) i verneforskriftene:

Jotunheimen nasjonalpark §1 Formål:

«Formålet med nasjonalparken er å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- *Store alpine fjellmassiv med brear og spisse tindar med dei høgste fjelltoppane i Noreg*
- *Vakre og eigenarta landskap*
- *Fjellvatn og vassdragsnatur*
- *Særprega geologiske førekomstar*
- *Leveområde for villreinen*
- *Kulturminne.*

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Vurdering:

Arealbruken utanfor verneområdet kan og vil i større eller mindre grad påverke verneverdiane. Tilrettelegging med innfallsportar er døme på arealbruk utanfor som kan ha positiv påverknad på verneverdiane gjennom informasjon og tilrettelegging for friluftsliv. Større tiltak som kraftutbygging og vegbygging kan på same måte i nokre tilfelle verke negativt på verneverdiane.

Det er planendingar i nærleiken av verneområdet, dvs. Sognefjellet og Skjolden, og som er konsekvensutgreidd som det vert fokusert på i denne vurderinga.

I Kommuneplanen sin Samfunnsdel (KPS) er det under ein av hovudfokusområda, *Luster – ein god stad og besøkja*, er ein av strategiane: «*me skal vere i framkant i utvikling og tilrettelegging av berekraftige kultur- og naturopplevingar*». Hovudmålsetjinga er at naturarven skal vere ressurs for verdiskaping innanfor naturen si bereevne.

I kapittel 6 er retningslinjene om tiltak i omsynssone til villrein H520 skildra. Omsynsona for villrein er samanfallande med nasjonalt villreinområde (arealkategori A1), utvekslingsområde (sone E) og viktige trekkområde i «Regional plan Ottadalsområdet» og leveområde for villreinstammen i Vest-Jotunheimen. I tillegg til at retningslinjene sikrar prosessen og involverer villreininteressene, skal ein både avgrense motorferdsel i utmark og organisert ferdsl. I tillegg er same villreinområde definert som omsynssone i kapittel 4.6.

Under er kvart av tiltaka som er konsekvensvurdert og som kan tenkjast å påverke verneverdiane opplista. Nummereringa tilsvarar nummereringa i plandokumentet.

15: Tur1: §11-7 nr.1 Sommarskisenter, Sognefjellet

Kommuneplannemnda rår til at det omsøkte området ikkje vert omdisponert frå LNF-område til «Bebyggelse og anlegg – fritids og turistføremål. Det vert tilrådd at areal avsett i «Regional plan for Ottadalen» vert avsett til utviklingsområde for sommarskisenteret.

Dette er i tråd med «Regional plan for Ottadalen» og arealet som er sett av her er eit resultat avveging mellom utvikling av skisenteret og sikre utveksling mellom Ottadalsstammen og Vest-Jotunheimen-stammen. Denne korridoren er veldig viktig for utveksling av genetiske materiale som er ein føresetnad for overleving av bestandane. Den tilrådde plassering ligg mellom villreinområde og tamreinområde og dermed ut i ytterkant av korridoren.

19: Veg1 §11-7 nr2 Veg – Prestesteinsvatnet, Sognefjellet

Kommuneplannemnda tilrår omdisponering frå LNF-område til samferdselsanlegg – veg. Dette er i strid med tilrådinga frå Rådmannen, som er basert på ei konsekvensvurdering i høve til villrein og fjellrev.

Prestesteinsvatnet er utbygd som reguleringsmagasin og det går ein anleggsveg ned til inntaksdammen på om lag 1 km. Ein del brukar dette som startpunkt for å gå på Fannaråken på våren, men elles er ikkje dette utgangspunkt for særleg brukte turruter. Ny veg inn mot breen vil bli om lag 1,5 km.

Sørsida av Sognefjellsvegen er ikkje med i «Regionalplan for Ottadalen», men dette tiltaksområde ligg like sør for ein korridor mellom Ottadalsstammen og Vest-Jotunheimen-stammen som er definert som utvekslingsområde. Særleg Vest-Jotunheimen-stammen er avhengig av utveksling av genetisk materiale for å vere berekraftig på lang sikt. Dette er ytterkant av villreinområdet og ein ser ikkje ofte dyr her. Men området er likevel viktig å halde open som einaste korridoren mot andre villreinstammar og her er einaste kryssinga dersom villreinen har trekt bak Fannaråken. Trekket gjennom her er det same som er argumentet for å flytte utviklingsområdet til sommarskisenteret lenger mot aust. I 2008 var det synfaring med tanke på dette prosjektet med representantar frå fjellstyret og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Det

vart også då peika på at dette var eit viktig trekkområde for villreinen og einaste koplinga mellom Vest-Jotunheimen-stammen og andre villreinstammar. Både fjellstyret og Fylkesmannen var negative til tiltaket.

Det er dei seinare åra tilrettelagt for større grupper av besøkande både på Mefjellet og Sognefjellet med serviceanlegg og enkle turruter og opplevingar, så det er fleire alternative opplevingar for bussturistar i nærleiken mangs vegen over Sognefjellet.

20: Veg2 §11-7 nr2 Veg – Turtagrø - Helgedalen

Kommuneplannemnda tilrår omdisponering frå LNF-område til samferdselsanlegg. Dette er i strid med tilrådinga frå Rådmannen, som er basert på ei konsekvensvurdering i høve til villrein og konflikt med villreintrekk.

Helgedalen er eit mykje nytta turområde, sommarstid til Fannaråken og Skogadalsbøen over Keisaren, og vinterstid med kvista løype over Keisaren. I forvaltningsplanen til Jotunheimen nasjonalpark er Hurrungane avsett som vernesone, dvs. med minst mogleg tilrettelegging for friluftsliv. Helgedalen og Keisaren ligg akkurat over i brukssona nord-austover. Sjølv om det går ein veg inn i Helgedalen i dag, vil ei opning av vegen for allmenn trafikk (med oppgradering av standard) gjere Helgedalen lite eigna som turveg og dermed vil det ikkje vere ei kopling mellom Turtagrø og det allmenne t-merka turstinettet i Jotunheimen.

I tillegg vil dette tiltaket ta mykje meir folk inn i ein sårbar del av Jotunheimen som vil ha ein negativ effekt på villreinstammen i Vest-Jotunheimen. Merkinga av turstien i Styggedalen vart for nokre år sidan teke vekk for unngå mest mogleg turfolk inn i dette området kor det ofte står villrein. Massetrafikk inn mot Styggedalsbreen vil trenge villreinen vekk og påverke ei av dei viktigaste trekkrutene i Hurrungane.

23: Hel1 §11-7 nr2 Helikopterlandingsplass Eidsneset, Skjolden

Kommuneplannemnda tilrår omdisponering frå LNF-område til samferdselsanlegg – lufthamn/helikopterlandingsplass.

Helikopterlandingsplassen ligg eit godt stykke unna Jotunheimen nasjonalpark og sjølve landingsplassen vil ikkje påverke verneverdiane i nasjonalparken. Men ein av attraksjonane som er nemnt i konsekvensutgreinga er nasjonalparkane. Hurrungane er blant dei mest spektakulære fjellområda i landet og vil vere naturleg attraksjon for desse turane. I dei nye verneforskriftene for Jotunheimen (frå 14.11.2014) gjeld same reglane om lågtflyging som i Breheimen og Jostedalsbreen og andre verneområde (forbod mot lågtflyging under 300 meter over bakken).

Det er vanskeleg å vurdere effekten av dette tiltaket, både fordi omfanget er veldig usikkert og fordi det ikkje er faste køyreruter/mønster. Det er likevel ikkje urimeleg å anta at dette vil gje meir motorferdsel inn mot verneområde og dette vil påverke den «uforstyrra naturopplevinga gjennom friluftsliv», særleg i Hurrungane som har liten grad av teknisk tilrettelegging.

Som ein besøkspark, må Jotunheimen sonere verneområde for å både gje tilbod til masseturismen og dei som vil oppleve naturen utan tilrettelegging. Begge desse gruppene av besøkande gjer lokal verdiskaping. Ei lita gruppe besøkande som kan nytte seg av dette tilbodet vil kunne ha negativ effekt på veldig mange andre

besøkande, både inne i sjølve nasjonalparken og dei som er i randsona som t.d. langs den nasjonale turistvegen over Sognefjellet. Etablering av helikopterlandingsplass som legg til rette for auka turistflyging vil kunne ha negative konsekvensar for Jotunheimen nasjonalpark.

30: LNF-H2 §11- nr5 Spreidd hyttebygging Helgedalen, Turtagrø

Kommuneplannemnda rår til at området vert omdisponert frå LNF-område til «LNF-område – spreidd hyttebygging» med bygging av inntil 2 hytter i planperioden.

Tiltaksområdet er knytt til eksisterande støl Helgedalen i vestre del av dalføre. Her er allereie fleire hytter og landbruksvegen inn dalføre går gjennom stølsområdet. Det er bra at eventuelt nye hytter vert knytt opp mot eksisterande hytter og infrastruktur. Det er viktig at nye bygg vert utforma og lagt med omsyn til eksisterande bygningar og bygningsmiljø. Sekretariatet ser ikkje at dette tiltaket skal påverke verneverdiane i verneområdet.

Oppsummering

Sekretariatet meiner omdisponering av LNF-område til samferdselsanlegg både ved Prestesteinsvatnet på Sognefjellet (konsekvensutgreiing nr.19) og inn Helgedalen (konsekvensutgreiing nr. 20) vil ha negative konsekvensar for leveområdet til villreinen som er eit av verneformåla i Jotunheimen nasjonalpark. Tiltaka kan også har negative effekt på utøving av uforstyrtra naturoppleving gjennom friluftsliv.

Effekten av etablering av ein helikopterlandingsplass på Skjolden er meir usikker, særleg fordi omfanget er usikkert. Sekretariatet meiner at ei utviding av tilbodet om turistflyging vil kunne ha negative konsekvensar på friluftslivet i Jotunheimen nasjonalpark, særleg vernesona Hurrungane.